

STYREMØTE 24.januar.- 2023

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Mette Marie ,Nelly (vara), Judith (heimeside) og Sunneva. Mette V møtte litt seinare.
Petra og Anne kunne ikkje møte.

Sak 15/-23 Referat og orienteringar. Kafegruppe, Aktivitetsgruppe. lefsekurs.
* Takkekort frå Malene Vinsnesbakk for sokkar til dotra Ida.
* Takkekort for Seterbøkene frå Vaksinegruppa.
* Referat frå siste styremøte 29./11. vart lese.
* Møte i kafegruppa (Åse, May, Liv Eldrid, Nelly og kontakt Bjørg). Dei har ansvar for Julelag, Fredagskafe, Kyrkjekaffi.
Julelag: Dei har ansvar for åresal og innkjøp av 15 gevinstar, avtale med VTS, plakat, annonse, 5 dessertkaker (glutenfri), underhaldning, lage til bord og stolar. Fredagskafe 29. april.
* Aktivitetsgruppa med kontakt Mette V arbeider med familiemiddag.
* Lefsekurs laurdag 4. februar, påmeldingsfrist 30. januar bindande.
* Lokallagsutsending våren 2023 - Solveig orienterte.

Sak 16/-23 Heimeside/ Bildearkiv v/Judith
Judith tok bilde av VBK-styret, Petra må leggjast til seinare.
Judith kjøper inn ein ekstern harddisk og samlar alle bilde på ein plass.
Årsmøtereferat skal samlast i ei eiga mappe.
Styremøtereferat blir rydda litt i.

Sak 17/-23 Økonomi
Det blir utbetaling til styremedlemer og personen som fører rekneskapet.
Petra får inn kontonummer.
Det er seld 70 bøker av «Skapande kraft» boka om Valldal bygdekvinnelag.
Utgifter for boka: Kr 63000.
Ønskjer å selje boka hos Husfliden, Mette V spør.
Vil marknedsføre boka på reklameskjermene, Kristi kan ordne det.
Brukskonto: Kr 41400 ca, verdikonto kr 102466 ca, vipskonto 4826 ca.

Sak 18/-23 Årsplan
Vedtak om å ta i bruk eit oversiktskjema som Fjørå og Valldal pensjonistlag brukar.
Skjemaet har rubrikkar for datoar for styremøte og medlemsmøte med tema,
ansvarlege for mat på styremøte eller medlemsmøte, og til sist ein rubrikk for anna som til dømes seminar, fylkesårs møte.
Solveig og Bjørg set opp ein kladd, Mette V skriv skjemaet ferdig.
Det ferdige skjemaet blir sendt ut til alle lagsmedlemene.
Det blir då ikkje laga programhefte , skjemaet kjem i staden.

Sak 19/-23 Årets lag, søkje?
Vedtak om å sende søknad.
I 2022 har VBK feira 90 årsjubileum, laga bok og dialektbilde, vore

medhjelparar på olsok, har ei god heimeside m. m.

Sist vi sende inn søknad kom vi svært høgt på lista, det blir spanande å sjå kvar vi endar denne gongen.

Sak 20/-23 Styremøte, nestsiste tysdagen: Feb.21., mars 21., april 18., mai 23., juni 20.

Februar- styremøtet vart utsett ei veke til 28.feb. Dette vart vedteke.

Sak 21/-23 Eventuelt

* Medlemsmøte - vedtak om møte 16. feb kl. 18.30 Tema: Historia mi - spørje Randi Flø.

* Familiemiddag - vedtak om at VBK sponsar 200 kr pr. medlem. Ikkjemedlem betaler fullt.

* "Skapande kraft"- vedtak om påskjøning til Randi Flø kr 5000.

* Prosjekt uteområde ved VTS - Bjørg refererte frå møtet.

Sunneva Linge skrivar